



## DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Fjell kommune  
Postboks 184  
5342 STRAUME

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/4261-2

31. oktober 2017

### **Endring av grense - eigarseksjonssameige**

Departementet har vurdert førespurnaden vi fekk frå deg 20. september 2017, der du ber om ei uttale om korleis oppretting av ei feil grenselinje kan skje når eigedomen det gjeld er eit eigarseksjonssameige med mange grunneigarar.

Vi forstår det slik at sameigeeigedomen skal bli tilført eit areal. I eit slikt tilfelle vil det ikkje vere nødvendig å reseksjonere sameiget. Føresetnaden er at arealet som blir tilført skal vere fellesareal.

Retting av opplysningane i matrikkelen kan skje dersom vilkåra i matrikkellova § 26 er innfridde, jf. Rundskriv H-18/15 punkt 5<sup>1</sup>. Alle partane må samtykke i eit krav om retting. I tillegg til sjølve eigarseksjonssameiget kan dette også omfatte individuelle seksjonseigarar dersom rettinga involverer utandørs tilleggsdel.

Dersom rettinga gjeld ei tidlegare oppmålingsforretning for eigedomen, kan ikkje dette skje etter § 26, men må skje ved klarlegging, jf. matrikkellova § 17, eventuelt ved grensejustering, jf. § 16. Grensejustering kan krevjast av dei som er nemnde i § 9, i hovudsak ein av grunneigarane. Klarlegging kan også krevjast av festar til den aktuelle matrikkeleininga. Dei vanlege reglane for kven som kan handle på vegne av eit sameige gjeld, jf. matrikkelforskrifta § 23 første ledd. Også her vil individuelle seksjonseigarar vere part i forretninga dersom ho involverer utandørs tilleggsdel.

Dersom arealet som blir tilført sameiget skal vere utandørs tilleggsdel til ein eller fleire av

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 858

Avdeling  
Planavdelinga

Saksbehandlar  
Cathrine Rosmer  
22 24 68 14

seksjonane eller fører til endringar i eksisterande tilleggsdelar, vil det vere nødvendig å reseksjonere sameiget etter reglane for dette.

Med helsing

Kari Strande (e.f.)  
avdelingsdirektør

Cathrine Rosmer  
utredningsleder

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar*

---

<sup>i</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-h-1815-endringer-i-matrikkelforskriften-fra-1.-januar-2016-mv/id2469899/>